



VINJE

Forretningsplan Rev. 01-2026 for:

Ridesenteret i Rauland (RiR)



ridesenteret i rauland

Samandrag

Ridesenteret i Rauland (RiR) har vore gjennom ein krevjande periode med låg bemanning og økonomisk uvisse. Denne forretningsplanen er utarbeidd som grunnlag for politisk handsaming og vidare utvikling av RiR som ein berekraftig og langsiktig institusjon i Vinje kommune.

Planen byggjer på kommunale vedtak og skisserer ei ny eigar- og driftsmodell med Vinje kommune som sentral aktør. Målet for 2026 er å sikre stabil og forsvarleg drift, auke aktiviteten innan rideskule og fritidstilbod, og leggje grunnlaget for utvikling av hestebaserte helsetenester i samarbeid med kommunen og fagmiljø.

RiR skal utviklast som ein open og inkluderande arena for breiddeaktivitet, folkehelse, kultur og meistring, samstundes som verksemda bidreg til reiseliv og lokal verdiskaping. Hest i terapi og førebyggjande helsetilbod er eit sentralt satsingsområde i den vidare utviklinga.

Forretningsplanen identifiserer sentrale rammevilkår, styrkar, svakheiter, moglegheiter og truslar, og foreslår konkrete tiltak innan organisering, marknadsføring og produktutvikling. Økonomisk legg planen opp til gradvis overgang til balanse i drifta, med eit langsiktig mål om berekraftig økonomi innan 2028.

Samla sett syner planen at RiR har eit solid fagleg og institusjonelt grunnlag, og at senteret kan bli eit regionalt førebilete for samspel mellom hest, helse, fritid og lokalsamfunn – føresetnaden er tydeleg politisk forankring og føreseielege rammer for vidare drift.



Innhold

- 1. Innleiing – politisk bakgrunn og mandat
 - 1.1 Bakgrunn: kommunalt vedtak
 - 1.2 Forretningsplanens faseinndeling
- 2. Visjon og forretningsidé
 - 2.1 Samfunnsoppdrag og institusjonell rolle
 - 2.2 Helse, meistring og inkludering
 - 2.3 Breidde, fritid og folkehelse
 - 2.4 Kultur, natur og oppleving
 - 2.5 Miljø, turisme og ekspansjon
 - 2.6 Visjon
 - 2.7 Forretningsidé
- 3. Situasjonsbeskriving og handlingsplan
 - 3.1 Mål i 2026
 - 3.2 Rammebetingelsar
 - 3.3 SWOT-analyse
 - 3.4 Aktørar
- 4. Utfordringsområde og tiltak
 - 4.1 Utfordringsbeskriving
 - 4.2 Strakstiltak
 - 4.3 Organisering og selskapsmodell
- 5. Marknad og marknadsføring
- 6. Produkt- og tenesteutvikling
- 7. Prisar
- 8. Investeringar
- 9. Budsjett og økonomi
- 10 Strategisk vegkart 2027–2028



1 Innleiing – politisk bakgrunn og mandat

Forretningsplanen for Ridesenteret i Rauland (RiR) er utarbeidd som grunnlag for politisk handsaming i Vinje kommunestyre.

Arbeidet byggjer på vedtak om å leggja fram ein forretningsplan for korleis Ridesenteret i Rauland kan utviklast som ein institusjon i Vinje kommune for rehabilitering, rekreasjon, reiseliv, kultur og tilhøyrandeaktivitetar. Planen syner og vurdering og forslag til berekraftige eigarskapsmodellar.

Planen inneheld konkrete, taktiske og strategiske drifts- og tiltaksplanar, men løfter òg RiR inn i ein langsiktig, institusjonell og politisk forankra utviklingsstrategi.

Arbeidet med forretningsplanen byggjer på mandat frå vedtak i Formannskap (Sak 17/25) og Kommunestyret (Sak 25/25) som attgjeve nedanfor.

1.1 Bakgrunn: Kommunalt vedtak 25/25

- 1.** Grunnlaget for vidare drift må avklarast med Ridesenteret i Rauland AS og AIR AS og gjennom ei meir konkret vurdering av drifts- og marknadsmessige føresetnader, dvs. ein samla forretningsplan.
- 2.** For å kunne kjøpe tenester til utarbeiding av forretningsplan m.m. blir det sett av inntil 150.000 kr. Inndekning frå næringsfondet.
- 3.** Ridesenteret sikres drift ut sommer 2026 og tilføres ytterligere 1.5 millioner kroner. Budsjettdekning over næringsfondet
- 4.** Innen oktober 2025 legges det frem en forretningsplan på hvordan ridesenteret kan fungere som en institusjon i Vinje for rehabilitering, rekreasjon, reiseliv, kultur og aktiviteter, herunder vurdering av ulike bærekraftige eierskapsmodeller. Det forutsettes at berørte parter inkluderes i utforming av forretningsplanen og i samarbeid med kompetent kompetanse.
- 5.** Gitt at det finnes bærekraftige eierskapsmodeller, vedtas ny driftsstruktur desember 2025 med oppstart vår 2026.



1.2 Forretningsplanens faseinndeling

Forretningsplanen i dette dokumentet er grovt delt inn i 3 faser :

Fase 1: 2026 (12 mnd)

Fase 2: 2027

Fase 3: 2028

Inndelinga er gjort med tanke på prioritet i utviklinga med å forme RiR til ein langsiktig og berekraftig organisasjon i høve til visjon og frøretningsidé.

2 Visjon og forretningsidé

I arbeidet med å forme ein ny visjon og forretningsidé for RiR har ein i denne planen tekje omsyn til sentrale faktorar som ligg i det politiske vedtaket i sak 25/25 og rolleforståelsen knytt til dette.

Vi innleier difor med strategiske vurderingar og kvalitative mål som ligg nedfelt i visjonen og forretningsidéen.

Desse utgjør rammene for utarbeidinga av dei konkrete tiltaka for å nå oppsette mål i forretningsplanen.



2.1 Samfunnsoppdrag og institusjonell rolle

RiR skal utviklast som ein varig og profesjonell institusjon med eit breitt samfunnsoppdrag. Verksemda skal ikkje berre tilby rideaktivitetar, men vere ein aktiv medspelar i arbeidet med livskvalitet, helse, kulturformidling og berekraftig lokalsamfunnsutvikling.

Som institusjon skal RiR:

- gje innbyggjarane i Vinje og regionen tilgang til trygge, kvalitetssikra og inkluderande aktivitetar
- vere ein samarbeidspartnar for kommunen innan førebyggjande helse, oppvekst og folkehelse i tråd med innsatstrappa
- forvalte og vidareutvikle hestekultur og naturbasert kompetanse
- leggje til rette for systematisk utdanning av framtidige utøvarar innan hestesport og ridning

RiR skal byggjast for langsiktig drift og utvikling, med tydeleg rolleavklaring, høg fagleg standard og politisk forankring.



2.2 Helse, meistring og inkludering

Helse og meistring er ein sentral del av RiR sitt samfunnsoppdrag. Gjennom hestebaserte aktivitetar skal senteret bidra til betre fysisk og psykisk helse, auka sjølvkjensle og sosial deltaking og *bygge på innsatstrappa*.

RiR skal utvikle og tilby hestebaserte helsetilbod i samarbeid med Vinje kommune og relevante fagmiljø. Dette omfattar mellom anna tilbod innan friskliv, oppvekst, psykisk helse og førebyggjande arbeid. Aktivitetane skal vere tilrettelagde for ulike målgrupper, inkludert barn og unge, eldre og personar med særskilde behov.

Tilboda skal byggje på fagleg kompetanse, trygge rammer og høg dyrevelferd, og vere eit supplement til kommunale tenester – ikkje ein erstatning.



2.3 Breidde, fritid og folkehelse

RiR skal vere ein open og inkluderande arena for breiddeaktivitet og folkehelse. Rideskule, kurs og fritidsriding skal danne grunnstammen i verksemda og gi eit lågterskeltilbod til både fastbuande, hyttefolk og tilreisande.

Gjennom stabile og føreseielege tilbod skal RiR bidra til fysisk aktivitet, trivsel og fellesskap. Aktivitetane skal vere tilpassa ulike alderstrinn og ferdigheitsnivå, og gjennomførast med fokus på tryggleik, kvalitet og gode opplevingar.

Breiddeaktiviteten er også eit viktig fundament for vidare talentutvikling og mogeleg elitesatsing i eit lenger tidsperspektiv.



2.4 Kultur, natur og oppleving

RiR skal vere ein aktiv forvaltar av lokal kultur og naturressursar. Gjennom ansvarleg bruk av landskap, utmark og anlegg skal verksemda tilby opplevingar som byggjer respekt for naturen og styrkjer forståinga for samanhengen mellom menneske, dyr og miljø.

Senteret skal formidle lokal hestekultur og tradisjonar, og bidra til berekraftig opplevingsutvikling som styrkjer Vinje som reisemål.

Aktivitetane skal ha låg miljøbelastning og høg kvalitet, og vere tilpassa både lokale brukarar og tilreisande.



2.5 Miljø, turisme og ekspansjon

Andre moment som utgjer ein del av grunnlaget i utarbeidinga av visjon og ein forretningsidè for Ridesenteret.

- RiR skal levere høg kvalitet ifm.aktivitetar som rideskule, ridekurs, hest som fritidsaktivitet, og gjennom dette bidra positivt til merkevaren Vinje og Rauland.
- RiR skal bli gode på å legge til rette for hesterelaterte helsetjenester som òg kan koma til nytte for nærliggande kommunar og institusjonar. Gjennom dette skal RiR syne eit breiare samfunnsoppdrag og få eit betre forretningsgrunnlag.
- Få tydelege konkurrentar i området gjev RiR mogelegheit for å «merke revir» i marknadsføringa.
- RiR skal vera miljøskapande for tilsette og kundar/brukarar



2.6 Visjon

- **Definisjon:** Et bilde av *hvor virksomheten ønsker å være i fremtiden*.
- **Formål:** Skal inspirere, motivere og vise retningen for utviklingen.
- **Fokus:** Drømmen – hva dere ønsker å oppnå eller bety for kundene/samfunnet.
- **Spørsmål visjonen svarer på:**
→ “Hvor vil vi?” eller “Hva ønsker vi å bli?”

«RiR skal utviklast som ein varig og profesjonell institusjon med eit breitt samfunnsoppdrag. Verksemda skal ikkje berre tilby rideaktivitetar, men vere ein aktiv medspelar i arbeidet med livskvalitet, helse, kulturformidling og berekraftig lokalsamfunnsutvikling»



2.7 Forretningsidé

- **Definisjon:** Beskriver *hvordan bedriften skal tjene penger* — altså **hva dere tilbyr**, **hvem dere tilbyr det til**, og **hvordan dere skiller dere ut**.
- **Formål:** Skal være konkret og operativ — det er grunnlaget for strategier og budsjetter.
- **Tidshorisont:** Mer kortsiktig og praktisk.
- **Fokus:** Virksomhetens kjerneaktivitet.
- **Spørsmål forretningsideen svarer på:**
→ “Hva gjør vi, for hvem, og hvordan?”

«*RiR leverar gode, og pristilpassa opplevingar innanfor rideskule ,riding i fritid, aktivitet innan kultur og integrering og hest som helsebyggande teneste, for innbyggjarar, hyttefolk og tilreisande*»



3. Situasjonsbeskrivelse og handlingsplan

3.1 Fase 1: Mål i 2026 (12 mnd)

- Hovudmålet med drifta vår for det komande året:

Stabil drift etter ny visjon, forretningsidè og forretningsplan

- Delmål 1: Stabilisere drifta i den nye eigarmodellen (Innan økonomi, organisasjon og leveranse)
- Delmål 2: Auke aktivitet og inntekt på dei tradisjonelle tjenestane
- Delmål 3: Vera i rute med plan om kompetansebygging og inntektsmodell for hestebaserte helsetjenestar.



3.2 Rammebetingelsar - Situasjonsbeskrivelse

• Interne

- 10 hestar p.t (8 egne + 2 lån) ----- planlagt auke
- 1 tilsett (1 på veg inn + prøve å få inn lærling)
- Total intern kostpris pr. time Kr 2.000,-
- Overnattingsmogelegheit: Plass til inntil 30 pers
- Mangel på pedagogisk-/helsefagleg kompetanse. (Dokumenterbar)
- Stor kapasitet for vekst i ridehuset
- Åpent 365 dagar
- Ingen investeringsmidlar
- Dagens timeprisar: Rideskulen 290,-, Weekendkurs 450,- (5 timar)
Rideleir ca. 300,-- 350,- (Bør rekalkulerast)



3.2 Rammebetingelsar - Situasjonsbeskrivelse

- **Eksterne**

- God kommunikasjon med kommunen (Mogelegheitar: Helse (Friskliv Inst. DPS/Rus) , Skule/oppvekst/Kvito
- Air:Går mot null . Må den det?
- Politiske vurderingar og vedtak
- Få konkurrentar lokalt (Radius 1,5 – 2 timar)
- Stort reiseliv i kommunen
- Betalingsvilje - Trend opp eller ned?
- Interesse for hest generelt – Trend , virkar å tendere opp.
- USN Campus i området + Akademiet (2 separate)
- Ljosløype - Bra for sommarbruk – Avtaleverk??



3.3 SWOT analyse

Styrke/svakheit

- **Største styrke :**

- Hestefagleg sterke
- Gode lokalitetar m/ vekstpotensiale utan store investeringar
- Omdøme er godt (Historisk kjennskap er bra)
- Varemerket Rauland er bra og kan utnyttas
- AiR delaktige (Historikk og kunnskap)
- Styrke med lokal rideklubb (kompetanse og ressurs)
- Ein engasjert kommune
- God kjennskap i hestemiljø, og ved at 30.000 frå AiR har kjennskap til RiR



Styrke/Svakheit

- **Største svakheit :**

- «Hestefagleg sterke», Men avhengig av Sigrid og AiR(Sårbarheit)
- Finansielt svak / sårbar
- Liten kapasitet p.t når det gjeld både hest og personell
- Lite planmessig MF over tid
- Mangel på pedagogisk og helsefaglig kompetanse ift. Hest i behandling
- Liten aktivitet mot kommunen, helse/skule, turisme.



Mogelegheitar/ Truslar

- **Største mogelegheitar :**

- Vekst:Auke samarbeidet med kommunen (Helse, Skule/Oppvekst og Inst.)
- Vekst:Etablere samarbeid med USN og Akademiet
- Vekst: Etablere planmessig samarbeid med Visit Rauland/ -Vinje
- Vekst: Aktivitetsauke på rideskulen
- Mogeleg støtte via Bufdir og Fylket (TUF o.l)
- Auke aktivitetane i ridehallen (rideklubben, stevne osv..)
- Skape miljø rundt RiR
- Rydde , gjennomføre «kosmetiske» betingar - auka trivsel
- Produktsalg - litt inntekt, men mest merkevarebygging



Mogelegheitar/Truslar

- **Største truslar :**

- Mangel på finansiering for vekst
- Sjukdom – (Gjeld både personell og hestar)
- Politiske hendingar og -vedtak (Økonomi)
- Avhengighet av stønader eller midlar som oppfattast som slikt
- Omdømesvikt i perioden der RiR har nedskalert....?
- Negativ fokus i media rundt hestevelferd osv.



3.4 Aktørar (knytt til verksemda på ein eller annan måte)

- Interne
 - Ridesenteret – Tilsette, eigar og styre
 - Brukarar (Inbyggjarar og gjester)
 - AiR
- Eksterne
 - Kommunen (Adm og Skulegard)
 - Fylket og Stat (Buf)
 - Foreldre
 - Rideklubben
 - Turistnæringa
 - Bannk/Finansiering
 - Andre eigarar?





VINJE

4 Utfordringsområde og tiltak

Ridesenteret i Rauland



ridesenteret i rauland

4.1 Utfordringsbeskrivelse

Som situasjonsbeskrivinga ovanfor viser er det stort behov for å setje i verk tiltak for å møte dei utfordringane som har medført at RiR vart beslutta nedlagt for ei tid attende.

Utfordringane ligg i stort innanfor heile forretningsdrifta, men det er nokre hovudområde som skiljer seg ut som mest nødvendige og som derfor må prioriterast høgast i dagens situasjon.

Nokre av tiltaka som blir synt nedanfor vil derfor vera retta mot å løyse akutte problem i form av strakstiltak. Vidare er dei andre tiltaka av meir strategisk art, som er retta mot at RiR skal bli berekraftig og fylle den visjonen og forretningsideen som er laga for at verksemda skal bli eit viktig bidrag til befolkninga i Vinje Kommune, og gje positive ringverknader innanfor både helse, fritid og turisme.

Hovudområda der ein har retta tiltak er fyggjande:

- Organisasjon og eigarstrategi
- Marknadsføring og omdømebygging
- Produkt- og tenesteutvikling
- Finansiering



4.2 Strakstiltak

- Organisering
 - Gjennomføre ny eigarmodell snarast , og seinast innan 30.03. 2026.
- Sikre finansiering
 - I høve til budsjett
 - Etablere kassekreditt
 - Ny investor i høve ny eigarstrategi inn med eigenkapital (overkurs)
- Tilsetje nødvendig personell for å utvikle og levere etter forventning og -arbeidsmiljøloven.
 - I høve budsjett
 - 2 nye i stallen. (1 no – 1 etter årsskiftet 2026)
 - 20% stilling som dagleg leiar



Organisasjon - RiR AS

Over ei lang periode har RiR vore underbemanna. Dette har medført stor slitasje på dei som har vore tilsette, og dei er òg i ei stilling som ikkje er i høve til Arbeidsmiljølova. Situasjonen har vore ei av dei viktige årsakene til at eigar og dagleg leiar ikkje såg anna løysing enn å legge ned drifta av RiR for ei tid attende.

I denne forretningsplanen og i budsjettet er det teke høgde for ei bemanning som vil vera forsvarleg og berekraftig. Ein understrekar ellers at personellsituasjonen må vurderast etterkvart og i høve til aktivitetsnivå og økonomi.

Tiltak:

Administrative oppgåver har i tillegg til hestefagleg og drift av stallen vore for mykje og er dermed prioritert ned. Administrasjon er derfor noko dagens nykjelperson vil burt ifrå. Vi legg derfor opp til at det blir tilsett ein dagleg leiar i 20% stilling for å håndtere oppgåver rundt :

- Formelle personaloppgåver
- Kontroll og rapportering rundt økonomi - Styrerapportering
- Ansvar for PR og marknadsføring

20% stilling er lite, så ein legg opp til at oppgåver blir sett burt der det er naudsynt.



Tiltak : Organisasjon - RiR AS

Hestefagleg ansvar og driftsansvar for produkt og tjeneste områda vil bli tillagt Sigrid Rui , noverande eigar og dagleg leiar. Ho innehar høg kompetanse på området og vil vera ein avgjerande styrke for organisasjonen.

Med ein stall på 10 -15 hestar (inkl. private) trengs meir ressurar for å halde forsvarleg drift. Det er derfor lagt opp til fylgjande tilsetjingar som er lagt i budsjettet:

- 2 tilsette stallmedarbeidarar . 1 må inn straks.
- Søke etter 1 lærling ved neste opptak.
- Ein søker midlar for tiltak (Bufdir) som gjer at ein kan betale ungdommar med utfordringar for å arbeide i stallen som ein del av sosialisering og meistring



4.4 Organisering /Selskapsmodell - RiR

Det leggjast til grunn for vidare drift av RiR at ein omorganiserar og legg om til ein ny eigarmodell. I denne samanhengen er det òg gjort vurderingar vedkomande selskapsform.

Ein legg opp til å vidareføre RiR AS, men ny eigarfordeling, og der ein **delar inn drifta i 2 avdelingar** for å få driftsrekneskap for aktivitetane mot offentleg sektor , og den reine kommersielle delen av drifta.

Grunngjevinga for dette valet er som fylgjer:

Premiss:

- RiR skal bli meir aktiv på utvikling av produkt og tenestar.
- RiR skal vidareutvikle det som er dagens verksemd, og i tillegg bygge eit nytt forretningsområde rundt «Hest i terapi»
- RiR skal halde seg i posisjon til å kunne søke stønader frå verkemiddelapparatet til utvikling og forskning.
- Kommunen (og evt. annan større investor) skal kunne vera ein aktiv del av produkt- og kompetanseutviklinga innanfor området «Hest i terapi» og Friskliv.
- Delt eigarskap for å dekke fokus på både komersiell- og offentleg verksemd
- Administrasjon og forvaltning av verksemda skal vera effektiv og standardisert for god tilgang på kompetanse.(blant anna innan reknskap og rapportering)
- Mogelegheit for eigarskap for nykjelpersonell. Sigrid Rui.



Organisering /Selskapsmodell - RiR

Forslag til selskapsform og eigarmodell:

Med utgangspunkt i premiss ovanfor har ein tekje omsyn til fylgande:

- 1. Ein vil gjerne behalde AS organisering fordi:**
 - Standardiserte reglar og god tilgang på kompetanse innan administrasjon og økonomi
 - Meir fleksibelt enn stiftelse
 - Kommunalt foretak eignar seg mindre då verksemda òg vil ha komersiell drift
- 2. Ein ynskjer Vinje kommune inn på eigarsida med ein majoritetspost fordi:**
 - Legitimitet for ideell verksemd
 - Ein vektta innverknad frå det politiske miljøet
 - Incitament for engasjement innan produkt og tjeneste utviklinga på Friskliv og Hest i terapi
- 3. Ein ynskjer i tillegg ein institusjonell investor eller større langsiktig privat investor inn på eigarsida med negativt fleirtal dersom det let seg gjera.**
- 4. Det har kome innspel rundt at det kan vera endring på gang rundt godkjenning av ideelt AS ved søknad om midlar frå verkemiddelapparatet. Dette vurderast å vera usikkert og dersom dette kjem vil ein relativt enkelt kunne gjennomføre endringar i eit AS.**
- 5. Dersom ein søker stønad til drift eller forskning via verkemiddelapparatet vil det ofte vera krav til å rapportere med regnskap. Ein vurderer derfor at det vil vera best å dele drifta inn i 2 regnskapsmessige avdelingar . Ein for «Hest i terapi» og offentlege tenestar og ein for den ordinære komersielle drifta.**
- 6. Det opprettast nytt styre med deltaking frå Vinje Kommune og gjerne ekstern styreleiar. Dette for å få eit breitt blick på det strategiske ved utviklinga av verksemda.**



Organisering - Eigarstrategi

- Dersom ny forretningsplan i RiR blir vedteke, vil ein legge stor vekt på å utvikle seg for å støtte Hestebaserte helsetjenestar. Dette arbeidet blir planmessig bygd opp i tett samarbeid med Vinje Kommune. (Evt. andre komplementære institusjonar)
- Ein vil føreslå at Vinje Kommune går inn som majoritetseigar i eksisterande AS. (Sigrid Rui sel seg ned til 15%) Dette vil sikre tyngde og legitimitet i satsinga. Sammen med vedtektsendring til ideell verksemd vil det og sikre mogelegheit for å kunne søke støtte til kompetanseoppbygging og aktiviteter.
- For RiR og for Vinje Kommune ser ein for seg at det ville vera ein føremon om ein får inn ein stabil institusjonell (eventuelt langsiktig privat-) investor på minimum 34%, der kommunen sel seg ned frå sine 85%. Ein slik eigarmodell ville gje ytterlegare legitimitet til satsinga og ein tenkjer og at den aktuelle investoren vil har i sin strategi å kunne dra nytte av satsinga innan hestebaserte behandlingar innan psykisk-/fysisk helsearbeid. Ein vil òg oppnå at RiR ikkje blir vurdert som eit reint kommunalt selskap, noko som kan vera ein føremon i enkelte samanhengar.
- For å koma vidare i ein slik strategi kan det vera aktuelt å skrive ut ein call/put opsjon på 34% av aksjeane i RiR, med innløysingstidspunkt for eksempel 31.12.26.



Tiltak: Organisering /Selskapsmodell - RiR

Med utgangsspunkt i premiss ovanfor er det forslag om å gjera fylgjande endringar:

1. Ein beheld selskapsforma AS og vil i utgangspunktet nytte eksisterande AS
 2. Sigrid Rui sel aksjar slik at ein når denne aksjefordelinga etter transaksjonen:
 - Vinje Kommune 85%
 - Ein vil arbeide for å få inn annan institusjonell- eller annan langsiktig investor på minimum 34% ved nedsalg i kommunen. Ein call- put opsjon på 34% med innløysing 31.12.26 kan vera ein mogelegheit.
 - Sigrid Rui 15%
 3. Generalforsamlinga besluttar vedtektsendring som stadfester at RiR driv ei ideell verksemd
 4. Det opprettast nytt styre med deltaking frå Vinje Kommune og gjerne ekstern styreleiar
-
- Det må utarbeidast ei avtale med Sigrid Rui om nedsalg av 85% av andelane i RiR AS
 - Pris
 - Nedbetaling over tid



5 Marknad og omdøme

- **Kva er hovudmarknaden**

- Lokale barn og ungdom, (betalbare) for Rideskule, weekendkurs osv.
- Hyttefolk og turisar til weekendkurs, ridetur, rideleir
- Vinje Kommune (+ Tinn og Tokke) Behov innan Helse og oppvekst - Fritid, friskliv og terapi/behandling.
- Skulegard og andre organisasjonar med behandlingsfokus

- **Korleis optimalisere for meir salg av aktivitetar**

- Markedføre via Visit –portalane
- Ha ein aktiv plan for PR – Artiklar i lokalavise og fagblad innen hesteport og helse
- Bygge ny nettside og plan for aktivitet i Sosiale media - Ansvarleg person
-

- **RiR sin profil framover**

Ein vurderer det slik at RiR har hatt eit bra omdøme over fleire tiår. Det er imidlertid slik at ein ikkje har arbeidd planmessig med dette området. Det er òg ein viktig faktor i dag at det er sådd tvil om RiR sin utvikling og eksistens som fylgje av at det har vore kjent at nedlegging har vore planlagt.

Dette medfører at vi i denne planen legg opp til å arbeide med profil og omdøme gjennom annonsering, lokale fysiske aktivitetar, men òg gjennom PR i lokalaviser og fagblad innan helse og hestesport.



5.1 Marknadsføring

RiR har i dei siste åra hatt liten aktivitet innanfor marknadsføring. Nettsida www.ridesenteretirauland.no er aktiv og inneheld viktig informasjon om produkt- og tjenestetilbod. I forbindelse med vedtak om vidare drift må nettsida oppdaterast for å vise korrekt informasjon for 2026 og alle prisar kontrollerast.

For året 2026 vil ein setje av nøkterne midlar i budsjettet for å auke synlegheit og motivere til interaksjon med dei ulike kundegruppene. Marknadsaktivitetane vil i hovudsak koma innanfor to område:

1. Annonsering

Innanfor annonsering vil vi benytte SoMe (Sosiale medier) som plattformer. Dette gjev mogelegheit for å treffe mange innanfor ei relativt låg økonomisk ramme. Samarbeidet med Visit Rauland gjer at oppsett av aktivitetane kan gjerast med ein veldig låg kostnad.

Det finnes mange plattformaktørar, men for 2026 vil vi nytte Facebook og Instagram som plattformer, blant anna begrunna i fylgjande:

«Facebook (Meta) er fremdeles den mest brukte plattformen for markedsføring globalt og i Norden. Ca. 86 % av markedsførere oppgir at de bruker Facebook i sin markedsføring. Instagram følger tett etter: ca. 79 % av markedsførere bruker plattformen.

Meta (Facebook/Instagram) tilbyr svært fin målgrupperetning (demografi, interesser, atferd, lookalikes) og er fortsatt blant de sterkeste når det gjelder segmentering i B2C-markedet.»



Marknadsføring

2 PR:

PR er ubetalt innhald delt på ulike medieplattformer. Vi vil auke aktiviteten på dette for å styrkje profilen og omdømet til RiR.

Aktuelle media kan vera:

- Lokalavisa VTB
- Tidsskrift innanfor psykisk- og fysisk helsearbeid
- Bransjetidsskrift for hestemiljøet ?
- Delta med presentasjon av RiR overfor kommunane

Kva vil vi fortelje:

- Lokalt vil vi vise at det føregår ei satsing på RiR og at ein bygger opp både meir aktivitet og kompetansebaserte tenestar.
- Fortelje den gode historia om RiR og kva senteret har betydd for folk gjennom åra.
- I Helsemiljø vil me fokusere på bygging av kompetanse på Hesteassistert behandling. Kva er dette og kva gjer RiR til aktør i denne marknaden.



5.2 Tiltak: Marknadsaktiviteter 2026

RiR Markedsføring - Aktivitetsplan 2026																	
Hovudområde	Aktivitet	jan	feb	mar	apr	mai	jun	jul	aug	sep	okt	nov	des	Kommentar	Pris	Antall	Ekstern kost
Profil - PR	Artikkel i VTB														0	1	0
Profil - Ann	FB - Kort om at RiR satsar														0	1	0
Profil - PR	Helsetidssk. - Satsning i Vinje (Forbehold)													Om hesteassistert behandling i Vinje	0	1	0
Produkt annonse	Weekend kurs hjå RiR (Profilering hvis fullt)													Konvertere til påmelding	10000	1	10000
Produkt annonse	Rideleir 2026													For vekene 25-32	10000	1	10000
Profil PR	Artikkel i VTB (positiv historie)													Historie og korleis er det no?	0	1	0
Profil PR	Delta på møte om helse i kommunen													Presentere RiR	0	2	0
Produkt annonse	Weekend kurs hjå RiR (Profilering hvis fullt)														10000	1	10000
Produkt annonse	Ridetur - Stalldag i haustferien														5000	1	5000
Profil PR	Hestsport tidskrift													Historien om RiR	0	1	0
Produkt annonse	Rideskulen ? (om nødvendig)														5000	1	5000
																	0
																	0
	TOTAL																40000

Aktivitetsplanen vil bli vurdert underveis og eventuelt justert.

6 Produkt og tenesteutvikling

6.1 Litt om utvikling av «Hest i terapi» og samarbeid med Skulegard

Hest i terapiarbeidet:

I arbeidet med produktutvikling har vi i samarbeid med Psykiater Norunn Kogstad, Lundehagen og psykolog Linda Valvatne Sveen, Modum Bad, sett på mogelegheitar for å bygge opp kompetanse på dette området i nært samarbeid med kommunen. Det vart blant anna arrangert eit arbeidsmøte med deltakarar frå kommunen, AiR og RiR med dette området som tema.

Vinje Kommune (sammen med RiR) ville kunne bli ein foregangskommune på dette området i vår region. Og ved planmessig og godt arbeid ser det ut til å kunne ligge stort postensiale for innsparingar i kommunen, og inntekter til RiR i ei slik satsing.

Det er imidlertid i kommunen det fins kompetanse til å utgreie og planlegge ei slik satsing, så RiR vil berre så langt råd er støtte opp med det vi kan bidra med i prosessen. Det er sett ned ei gruppe i kommunen for å sjå på behov og mogelegheitar i denne samanhengen.

Samarbeid med -Skulegard-

Gjennom arbeidet med forretningsplanen er det kome i gang samtalar med organisasjonen –Skulegard- på Rauland. Dei har vore representera i arbeidsmøte og samtalar. Dei har i planlperioda 2026 allereie ytra ynskje om å nytte ridesenteret 9 dagar i vårsemesteret. Dei økonomiske forholda er så langt ikkje endeleg avklara.

I dette samarbeidet vil RiR tilretteleggje for at tilsette på Skulegard kan gjennomføre sitt pedagogiske opplegg på ridesenteret både gjennom bruk av lokalitetar og hestemateriell. Tilsette på RiR vil gjennom dette tilegne seg kunnskap om Skulegard som konsept og metodebruk i den forbindelse. Et gjev synerigiar og kompetansebygging gjennom samarbeid.

Aktiviteten er lagt inn med ein liten post i budsjettet.

6.2 Tiltak : Produkt- og tenesteutvikling

Med bakgrunn i situasjonsbeskrivelse og forretningsidè er det behov for å utvikle produkt og tjenester for å vera tilpassa marknaden som er definert og få eit auka grunnlag for inntekter over tid.

Som forretningsplanen syner ligg det godt til rette for å utvikle seg innan to område:

1. Turisme/ privat marknad:. Her er det mogelegheitar for tilfang av kundar til dei eksisterande tjenestane.I tillegg kan ein sjå for seg å vurdere produkt og tjenester innanfor eksempelvis:
 - Stalldag barnehage
 - Hest for helse - Besøksdag eldre
 - Aktivitetsdag Foreldre/ Barn
 - Studenter
 - Privattimer/Turistridning i hall/ strøtimer
 - Turist - Aktivitet ridetur m/ stallbesøk
2. Helse – Oppvekst (Kommunane og evt komplementære institusjonar)
 - Ridefysio
 - Hesteassistert terapi (Psyko)
 - Frisklivs ridning
 - SFO –Skule
 - Stalldag barnehage

Ein ser for seg store mogelegheitar innan Ridefysio og Hesteassistert terapi. Det fins få konkurrentar og det er eit område som trendar opp i marknaden. Det kommunane brukar på denne tjena har dei eit stort potensiale til å få tilbake gjennom forebygging av utanforskap og betring av psykisk og fysisk helse hjå innbyggjarane i kommunen.



7 Tiltak : Prisar

Utrekningar viser at RiR siste år har fakturert ein gjennomsnittspris på Kr 234,- /time pr deltakar (justert for rabattar og ponnitimar) Normal pris frå prisliste er Kr 290,- /time

Vi har sjekka eit utvalg av konkurrentar. Prisane hjå desse varierer ein del, men gjennomsnittet i utvalget viser ein timepris pr.deltakar på Kr 357,- /time

Konklusjon på prising:

RiR vil varsle prisjustering med virkning frå 1.1.26 . Ein vil gradvis arbeide mot å koma på eit gjennomsnittleg prisenivå av dei mest samanliknbare konkurrentane. Prisane vil bli trappa opp etterkvart som ein ser kor sensitivt det er mot kundar/brukarar.

Ny pris pr. 1.1.26 vil bli: Kr 325,- /time

Lena vil søkje om midlar til rideklubben for å sponse meir enn Kr 10,-, som det er i dag for medlemmar

Andre prisar presentert på nettsidene vil tilsvarande bli gjennomgått og korrigert ved oppdatering av nettsidene.

RiR vil prisjustere kvart år.



8 Tiltak : Investeringar

- Ein vil gjennom rideklubben søke midlar til å utbetre ridebotn i hallen. Det vil bli søkt om 600.000 til dette arbeidet. Arbeidet vil ikkje bli igangsett før stønad eventuelt blir innvilga.
- Det vil vera behov for å investere i 2 nye hestar i løpet av budsjettperioden. Investeringsbehov ca. 200-400.000. Dette behovet vil bli nøye vurdera i høve til aktivitet og økonomi.
- Kosmetiske oppgraderingar i ridehallen og tilstøytande rom. Dette vil i fyrste omgang røre seg om overflater og litt møblar mm. I dette arbeidet vil ein søke å gjenbruke og arbeide på dugnad så langt mogeleg
- Ein vil ha samtalar med AiR som huseigar om sikring i forbindelse med snømasser på baksida av ridehallen.



9 Budsjett / økonomi - Viktig

Det er utarbeidd 12 mnd driftsbudsjett for RiR i samband med denne forretningsplanen.

Då avslutninga av vårt budsjett har kome i ei tid med sterkt arbeidspress i kommunen på grunn av budsjettprosessen der, manglar vi anslag for eventuelle inntekter frå Vinje kommune for tenestar innan helse og oppvekst. Som vist tidlegare pågår det eit arbeid med å greie ut behovet og volumet for desse tenestane.

Vårt utgangspunkt i denne prosessen har vore at kommunen skulle betale for behovsstyrte ytingar frå RiR, ikkje reine stønader som har vore tilfelle tidlegare.

Slik situasjonen då er har vi derfor valgt å gjera opp budsjettet utan å ta inn inntekter frå kommunen og dermed vise eit underskot. Vi legg til grunn at RiR skal kunne yte tenestar til kommunen innan skule og helse som medfører at ein kan få budsjettet i pluss.

Utover oppgjevne inntekter er det òg søkt om midlar frå Bufdir til to ulike prosjekt. Dette er prosjekt somgår over 3 år ,med stønadsrammer på ca. 750.000 pr. år. Då dette er usikre inntekter er dei ikkje tekne inn i budsjettet i denne omgang.

Vedlagt egen budsjettmodell for 2026

Budsjett / Økonomi

Nokre hovudtal fra budsjettet for neste år:

- Omsetning: 1.760.000 (med tillegg av inntekter frå kommunen og evt. stønader frå Bufdir)
- Dekningsbidrag: 1.045.000 (med tillegg av inntekter frå kommunen og evt. stønader frå Bufdir)
- Tot. Kostnader: 3.049.000
- Driftsresultat: - 2.004.000 (med tillegg av inntekter frå kommunen og evt. stønader frå Bufdir)
- Egenkapitalmål i %: 5%
- Antall årsverk: 3,2
- Investeringer: 200-400.000



Driftsbudsjett 2026 - (utdrag)

	ÅRSBUDSJETT
Salgsinntekter AiR	240 000
Salgsinntekter Kommune	52 650
Salgsinntekter Rideskule/Kurs/L	1 198 000
Salgsinntekter Div privat & turist	269 775
Tilskot	0
Sum Innt Produkter/Tjeneste	1 760 425
Direkte drift av hest	715 500
Dekningsbidrag	1 044 925
I prosent	59,4 %
Sum Diverse	
Varekostnad	0
Dekningsbidrag DDI	0
Tjenester Andre	0
Sum Driftsinntekter	1 760 423
Varekost/Dkost hest	715 500
Dekningsbidrag	1 044 923
I prosent	59,4 %
Personalkostnader	2 124 861
Driftskostnader	874 500
Avskrivninger	50 000
Sum Driftskostnader	3 049 324
Driftsresultat	(2 004 401)
Netto finansposter	23 000
Resultat før skatt	(2 027 401)
Skattekostnad	-
Årsresultat	(2 027 401)

Inntekter - RiR	
Navn	ÅR TOTAL
AiR	240 000
Vinje Kommune Helse F	0
Vinje Kommune Helse P	0
Vinje Kommune Skule	
Vinje Kommune diverse	
Skulegard - NAV - Andre	52 650
Tokke Kommune	0
Tinn Kommune	0
Rideskule	650 000
Weekendkurs	240 000
Sommerleir/ Sommerkurs	288 000
NRYF	20 000
Stalldag barnehage	120 000
Hest for helse - Besøksdag eldre	40 000
Aktivitetsdag Foreldre/ Barn	30 000
Studenter	26 000
Privattimer/Turistridning i hall/ strøtimer	45 000
Turist - Aktivitet ridetur m/ stallbesøk	8 775
Tilskot Bufetat/Bufdir	
Tilskot TFK	0
Annet	0
SUM	1 760 425

10 Strategisk vegkart 2027 - 2028

- **Fase 2 - År 2027:**

- Tilpasning av tjenestetilbud i høve til oppbygging av kompetanse innanfor hesteassistert terapi, i tett samarbeid med Vinje Kommune.
- Vidareutvikling av tilbodet innanfor fritid, friskliv og turisme
- Større andel av driftsinntektene dekkjer dagleg drift.
- Større andel av støtte frå kommunen går til vidareutvikling av tjenestetilbodet
- Handlingsplan for 2028 blir lagt fram i november.



Strategisk vegkart

- **Fase 3 - År 2028:**

- Tjenestetilbud innan hesteassistert terapi er etablert og i økonomisk drift. Dette blir et godt og synleg bidrag til betre ressursutnyttelse innan helse, meistring og oppvekst i kommunen
- Tilbodet innan hesteassistert terapi blir presentert og gjort tilgjengeleg for nabokommunane i regionen, gjennom tett samarbeid med Vinje Kommune
- Målet er at RiR innan utgangen av dette året skal vera berekraftig økonomisk og drifta av organisasjonen på dagens nivå dermed blir dekt av fakturerte inntekter for produkt og tenester.
- Handlingsplan for 2029 blir lagt fram i november.





ridesenteret i rauland